Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Odd Høydalsvik / 55516377 | 19/70729-2 | | 04.04.2019 |

## Svar på søknad om dispensasjon for oppretting av ny bustadeigedom - gnr. 170 bnr. 4 - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 28.09.2018 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppretting av ny bustadeigedom innanfor areal som er avsett til LNF-føremål.

Statens vegvesen har tidlegare gjeve uttale i same sak når det gjeld forhold knytt til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle til fylkesveg 402 Lurevegen i vårt brev av 14.11.2015 (15/207937-1) der vi hadde merknader til manglande sikt i avkøyrsla til fylkesvegen.

Det er no kome nye opplysningar om at vegen som fører frå avkøyrsla til fylkesvegen og fram til den nye bustaden som det no vert søkt om har status som kommunal veg.
Det er difor Lindås kommune som skal handsame avkøyringssøknaden for ny bustad.
Vi vil likevel be om at det vert sett krav til utbetring av regulert avkøyrsle i reguleringsplan «Rv. 57 Hp.1 Espeland - Herland» som vart vedteken i 2004. Her er avkøyrsla vist med tilfredsstillande krav til frisikt.

Statens vegvesen har ikkje merknader til søknaden om frådeling av ny bustadtomt på eigedomen gnr. 170, bnr. 4 i Lindås kommune4.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
Senioringeniør

Odd Høydalsvik


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN